

Protokoll frå regionstyremøte 5/ 2016

Møte nr. 5/ 2016

Dato: 3.9.2016, kl. 10:00

Sted: Video

Til stades frå styret:

Gry Sissel Sagen, Caroline Bjørge, Nils-Gunnar Solli, Kari Klokseth, Hilde Hoddevik og Hilde Horpen
(1. vara)

Forfall: Knut Johan Mikkelsen

Til stades frå administrasjonen:

Dagleg leiar Ingrid Sofie Nygaard

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli

Vedtaksaker (A-saker):

- 29/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak:
Innkalling godkjent og sakliste godkjent slik den er sendt ut.
- 30/2016 Økonomistatus pr 30.7.16
Vedtak:
Regionstyret tek økonomistatusen til vitande.
- 31/2016 Evaluering sommarkurs
Vedtak:
Regionstyret tek førebels evaluering til vitande. Saka tas igjen på neste ordinære styremøte.
- 32/2016 Stad for regionting 2017
Vedtak:
Regiontinget 2017 vert lagt til hotell Scandic Parken, Ålesund.
- 33/2016 Aktivitetsplan 2016-2018
Vedtak:
Regionstyret tek den framlagte aktivitetsplan til vitande med dei endringane/tillegga som kom fram i møtet.
- 34/2016 Oppdatering av konkurransereglement
Vedtak:
1. Konkurransereglementet er å forstå slik at kvart korps får tildelt 20 min. speletid frå første til siste tone. Innmarsj, presentasjon og utmarsj er ikkje inkludert i desse minutta.

2. Regionstyret fastheld speletid på 20 minutt. Tomra Brass Band sin søknad om å utvide med 5 min. kan ikkje imøtekomast. For å unngå eventuell misforståing så vert det presisert at klokka ikkje startar å gå medan korpset går inn på scena. Jf. punkt 1 i vedtaket.

35/2016 Profilering av Grått kurs

Vedtak:

Regionstyret ber administrasjonen om å kjøpe annonseplass i programhefta for NM Brass og NM Janitsjar i 2017 for å profilere Grått kurs i Ørsta ytterlegare.

36/2016 Representasjon

Vedtak:

Regionstyret vedtek slik representasjon på kurs og jubileum:

90 års-jubileum til Kjølisdalen Musikklag, 2. oktober	Hilde Hoddevik, eventuelt Knut Mikkelsen eller Kirsten Tamara Lien Nøtseth
Nordvesten vaksenkorps, 29. oktober	Knut Mikkelsen
KDP-kurs, 12. september, Kristiansund	Nils-Gunnar Solli
KDP-kurs, 13. september, Ålesund	Caroline Bjørge
KDP-kurs, 14. september, Nordfjordeid	Hilde Hoddevik
KDP-kurs, 15. september, Sogndal	Hilde Horpen
KDP-kurs, 16. september, Førde	Tamara Lien Nøtseth
50 års-jubileum til Kaupanger skule- og ungdomskorps, 22. oktober	Hilde Horpen

37/2016 Deltaking på nasjonalt leiarmøte i oktober

Vedtak:

Styreleiar og nestleiar representerer regionen 21.-23. oktober på Gardemoen.

38/2016 Høyringsutkast fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020

Vedtak:

Regionstyret gir styreleiar fullmakt til å utforme eit høyringssvar i samråd med nestleiar og dagleg leiar.

Orienteringssaker:

- 39/2016 Nytt frå regionkontoret
- Regionen har fått nye kontor ved Fylkeshusa i Molde. Same postadresse som tidlegare.
 - Dei tilsette ved regionkontoret har vore i Riga på samling for alle NMF-tilsette.
 - Dirigentnettverket har siste samling i veke 36.

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til vitande.

- 40/2016 Nytt frå NMF sentralt
- Berit Handegard har fått 30-års medalje for lang og tro teneste i organisasjonen.
 - Nytt reiserekningssystem.
 - Høyringsrunde frå Kulturdep. knytt til fordeling av spelemidlar. NMF sentralt og mange korps, fleire også frå region Nordvest, har sendt høyringsvar til Kulturdepartementet. Informasjon også på www.odin.no (sjå under høyringar).

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til vitande.


- 41/2016 Informasjon frå regionstyreleiar og/eller AU
- Det er utdelt ein pris av Gjensidige Nordmøre og Romsdal for årets dugnadshelt. Prisen for 2016 gjekk til ei kvinne som er NMF-medlem. Regionstyreleiaren meiner NMF, både regionalt og nasjonalt, burde vore flinkare til å synleggjere slike hendingar og det store, viktige arbeidet som blir gjort på grasrota av våre dugnadsheltar.

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen og regionstyreleiaren sitt synspunkt til vitande.

Møtet slutt kl. 13:50

Molde 3.9.16



Nils-Gunnar Solli
regionstyreleiar



Ingrid Sofie Nygaard
Ingrid Sofie Nygaard
dagleg leiar